

Årsmelding for Seljord Indremisjon/ Normisjon. 2019.

Det 149 virkeår



Styret har i år vore samansett slik:

<i>Leiar:</i>	Kari Gro Espeland.
<i>Skrivar:</i>	Berit Bakken Aase.
<i>Kasserar:</i>	Aud Lie Solheim.
<i>Styremedlem:</i>	Gudveig Gravir.
<i>Styremedlem:</i>	Åse Kåsa Vestgården.
<i>Styremedlem:</i>	Anne Øygarden.
<i>Revisor:</i>	Auver Brokka .
<i>Valnemnd:</i>	Ingen.


Styret har hatt 8 styremøter og handsama 37 saker.

Namneendring/vedtektsendring.

På årsmøte 05.03.19 foreslo styret å endre navnet på Seljord Indremisjon til Seljord Normisjon, men at ein fortsatt skulle behalde vedtektene til Seljord Indremisjon

Etter ein del diskusjon og drøftingar på årsmøte, vart saka utsatt. Ein del frammøtte ynskte begrunnelse frå styret om denne endringa. Det blei også bestemt at vedtektene for Seljord Indremisjon og Normisjon, skulle vera tilgjengelege for dei som ynskte det, i forkant av ekstra ordinært årsmøte.

På ekstra ordinært årsmøte 09.04.19, blei navnendringa vedteke med 2/3 fleirtal. Endringen blei stadfesta på nytt ekstra ordinært årsmøte 10.09.19. Det endelege vedtaket vart endring av namnet til Seljord Normisjon, og behalde vedtektene til Seljord Indremisjon.



Møteaktivitet i 2019:

Tema for vårsemesteret: Korsetet's gåte. Tema for Haustsemesteret: Livet med Jesus.

Seljord Indremisjon/ Normisjon hadde i 2019, 8 sundagsmøter og 7 tysdagssamlingar. I tillegg medansvar på ei samling i kyrkja søndag 31.mars, der Tim Peterson framførte delar av Markusevangeliet. I tillegg ei møtehelg på våren og ei på hausten.

Tysdagssamlingane var lagt opp som Bibeltimar, ofte med kaffe og kake, samtale/sosialt samvær i etterkant av Bibeltimen.

Forkynnerar på tysdagssamlingane har vore: Kjell Johan Nenseter, Dag Harald Undheim, Torill Solli Haugen, Sam Tore Bamle og Terje Olafsen.

Sundagsmøta var «vanlege» møter, nokon gonger med sangkrefter. Etter møta var det ofte kaffe og kaker.

Forkynnerar på sundagsmøta har vore: Nils Jørgen Hardang, Møyfrid Lunde Terje Olafsen, Jens Iver Jensen og Sam Tore Bamle. I tillegg har Øyvind og Herdis

Jørgensen hatt eit sangmøte på våren med Trygve Naper sine sangar, og eit på hausten med sangar av Lina Sandell.

På dei fleste møter har Elin Brovig spela piano til allsangen, det er til stor hjelp. Tusen takk!

Møtehelga på våren var med Nils Jørgen Hardang, frå Notodden Normisjon. Møte fredag 22.03. var kl. 19.00. Laurdag 23.03. var det bibeltime kl. 10.30. Fellesskapskveld kl. 18.00. med god kveldsmat, andakt, underhaldning og fin sang og musikk av «Godt Nytt» frå Øyfjell. Sondag 24.03 var det møte kl. 19.00.

Møtehelga på hausten var med Kurt Hjemdal, tidlegare Bibelskulelærer, rektor og prest. Møte fredag 22.11 var kl. 19.00. Laurdag 23.11 var det bibeltime kl. 10.30. Fellesskapskveld kl. 18.00. med god kveldsmat, andakt, underhaldning og fin sang og musikk av «Fri Flyt». Sondag 24.11. var det møte kl. 19.00.

I gjennomsnitt møter 10-15 personar på møta/ bibeltimen. Ein del fleire på sangmøter og møtehelger.



BASAR.

Fredag 15.11. var den årlege basaren.

I tillegg til anonsering i VTB, vart det laga «flygeblad» som vart delt ut på Tysdagsklubb, Babysang o.l.

Veldig bra frammøte, ca. 50 personar var til stades. Kjell Johann Nenseter hadde andakt. Elin Brovig spela til allsangen. Kari Mjaugedal og Torunn Trydal

var kjøkkenansvarlege. Og sist, men ikkje minst var det masse fine gevinstar. Takk til alle som deltok og alle som kjøpte lodd. Det kom inn ca. **kr. 19.000.**



2 trufaste basardamer

Gunvor Storlid og Gunhild Nærdal.

Årsmøte for region-Telemark var på Hauges Minde i Skien 27.04.19. Kari Gro og Kristian Espeland deltok frå Seljord.

Måling av Misjonshuset.

Misjonshuset vart måla utvendig i sumar.Flatdal Bygg v/ Slawomir Zysk utførte arbeidet.

Dugnader:

Mosen på taket og rydding av kjellar, vart gjort på dugnad av Hans Mjaugedal, Ivar Johansen og Torodd Aase. Tusen takk!

Vask-og ansvarsdugnaden på misjonshuset går fint som tidlegare år. Takk til alle som deltek!

Den årlege vårdugnaden på Trovassli var også i 2019.Seljord stilte som vanleg med folk også på den.

Laurdag 21.09.19 var det «stor» innedugnad på Misjonshuset. Mange stilte opp! Tak, vegger, glas og gardiner vart vaska. Fantastisk innsats! Stor takk til alle!!



Utleige av Misjonshuset.

Seljord Normisjon står som eigar av Misjonshuset. Styret har vedtatt at ved utleige til ymse arrangement, blir det tatt ei leige på kr.1500,-. Prisen vil bli vurdert annan kvart år. Leigetakar vil få eit informasjonsbrev ang.retningslinjer for leige.

Astrid Bø fylte 90 år denne hausten. Ho fekk ein blom frå Seljord Normisjon.

Faste aktivitetar i regi av kyrkja:

- Kvinneforening, fyrste torsdag i kvar månad.
- Formiddagstreff for eldre, siste fredag i kvar månad.
- Tysdagsklubb, ein gong pr. månad.
- Babysang, annan kvar onsdag.
- Konfirmantundervisning.

Styret ser attende på eit givande virkeår.

Seljord den 25.02.20.